



2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing – stab omhandlar fylgjande tenestoområde

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

Drift

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	4 940	4 001	4 186	3 895
1210	PERSONAL OG LØN	2 331	2 363	2 363	2 215
1220	ØKONOMI	2 879	2 790	2 790	4 067
1230	SERVICEKONTORET	2 363	2 329	1 922	2 425
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	3	-	1 007	-
1250	IKT	761	815	815	779
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	1 214	1 082	1 044	819
2110	BARNEHAGE	1 146	1 300	1 152	1 008
2120	GRUNNSKOLE	412	299	299	225
2130	VAKSENOPLÆRING	-	2	2	-
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	10	277	277	-
2412	PSYKISK HELSEVERN	102	100	100	97
2423	MOT - PROSJEKTET	- 6	-	355	-
2440	BARNEVERN TENESTE	238	234	234	225
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	881	1 048	1 048	1 073
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	- 128	63	-	- 102
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	402	329	329	-
3100	FORMIDLINGSLÅN	- 82	-	-	- 153

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
3250	NÆRINGSKONTORET	687	481	181	-
3253	JORD- OG SKOGBRUK	518	853	853	-
3610	VILTFORVALTNING	161	75	75	-
3620	FRILUFTSLIV	203	256	266	-
3650	KULTURMINNEVERN	35	93	98	-
3700	BIBLIOTEK	827	1 775	1 775	-
3750	MUSEER	-	3	3	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	95	140	140	-
3810	IDRETT	265	250	250	-
3850	KULTURKONTORET	751	802	502	-
3851	ANDRE KULTURTILTAK	165	109	109	-
3852	Frivilligsentral	283	259	259	-
Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB		21 457	22 129	22 435	16 573

Området hadde eit mindreforbruk på 672 000. Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet omstilling av fellesfunksjoner har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil fortsette i 2022.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data visast i kroner per innbygger.

		2021	2021	2020	2020	2019	2019
Kostra funksjon	Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
120 Administrasjon	Beløp per innbygger (kr)	3 875	4 149	3 685	4 108	3 602	3 800
231 Aktivitetstilbud barn og unge	Beløp per innbygger (kr)	1	103	11	108	28	148
320 Kommunal næringsvirksomhet	Beløp per innbygger (kr)	-11	-112	1	-91	-5	-3
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	Beløp per innbygger (kr)	30	220	-107	105	58	326
370 Bibliotek	Beløp per innbygger (kr)	99	298	195	290	190	348
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	Beløp per innbygger (kr)	31	98	31	83	30	239
385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	Beløp per innbygger (kr)	202	279	129	299	294	372

På kostrafunksjon 120 innehelt Tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2020 til 2021 med kr 190 per innbygger.

Giske kommune bruker kr 274 450 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 2,4 mill.kr.

Både 2020 og 2021 har vore prega av at det har vore ein pandemi og mykje mindre aktivitet når det gjeld kultur enn normalt. Nokre aktiviteter er også løyst på annan måte, noko som kan gi utslag i tala.

Bibliotektenesta i Giske kommune har i 2021 blitt drifta på eit absolutt minimumsnivå, noko ein ikkje kan halde fram med. Opningstidene og tilbodet har blitt redusert i perioden. Giske kommune brukar kr. 199 mindre per innbyggjar enn gjennomsnittet i kostragruppe 1.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.